

Tingvoll/Oslo 11. april 2012

Direktoratet for naturforvaltning (postmottak@dirnat.no)

## UTKAST TIL HANDLINGSPLAN MOT RYNKEROSE - HØYRING

**Naturvernforbundet vil understreke at det er eit svært viktig arbeid som no startar opp for å stanse tapet av naturmangfald som skuldast framande artar i norsk natur.**

**Det er naudsynt med eit krafttak om vi skal kunne motverke den trusselen som framande organismar faktisk gjer. Vi vil peike på at det må takast solide grep frå miljøstyresmaktene om vi skal få bukt med dette alvorlege problemet.**

**Framande artar er ein av dei fem største truslane mot naturmangfaldet, både globalt og nasjonalt. Dette er grundig dokumentert i ei rekke forskingsrapporter. I Norge har vi mange skremmande eksempel på kor galt det har gått, jf. NOU 2004: 28, som jo er grunnlagsdokumentet for naturmangfaldlova.**

**Når det gjeld framande artar er det kjent at to store konsekvensar er at dei kan forandre økosystem og utkonkurrere naturleg artsmangfald. Dei økologiske konsekvensane som mange av desse påfører norsk natur er difor uforeinelege med målsettinga om å stanse tapet av biologisk mangfald.**

### Rynkerose

Når det gjeld fjerning av rynkerose i naturen så er det i hovudsak tre område som må få spesiell merksemd.

### Hovudgrep

**1. Ny spreiing må hindrast.** Då trengst det forbod mot omsetnad, og informasjon slik at dei som har planta ikkje kastar han i enden av vegen eller i jordekanten.

**2. Ein må kartlegge kvar plantene finst.** Då er det viktig at ein får med seg mange kartleggarar, sidan førekomstane er så spreidde. Det hadde sjølv sagt vore ønskeleg med ein viss kvalitet på registreringane, men ein bør akseptere at rett bestemming av art og ein god koordinat er det vesentlege. Areal og andre tilhøve får ein ta imot med takk, men det er viktig at ein ikkje lar forventningar om slike opplysningar vere til hinder for dei mange og enkle registreringane gjennom [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no) Skal ein kome i mål, må det til ein stor dugnad i tillegg til alt det andre.

**3. Langsiktige tiltak der første mål er å hindre ytterlegare spreiing og neste mål er å fjerne planta heilt der potensialet for skade er størst.** Om dette er å seie at det blir kostbart, langvarig og vanskeleg. Rimelege snarvegar finst ikkje. Og vi bør lære såpass av dette at det blir forbod mot innføring av andre framande artar med så god spreiings- og overlevingsevne.

### Kommentar til handlingsplan

Handlingsplanen som er sendt ut på høyring har i stor grad tatt innover seg desse hovudpunktta, men på nokre område har Naturvernforbundet merknader.

I innleiinga til kap. 5 blir det peika på at ein samtidig med rynkerosenedkjempinga også bør prøve å løyse andre problem som skuldast framande artar, eller manglande tradisjonell bruk (slått og beite) av område. Dette er vi samd i, og dette er viktig.

I kap. 5.1 finn vi truleg det viktigaste avsnittet i handlingsplanen:

"Beiting og slått vil kunne kontrollere rynkerose og hindre frøspredning. Metoden vil ikke fjerne rynkerosen helt, men vil kunne svekke dens livskraft. Metoden må vurderes med tanke på tidligere bruk og registrerte rødlisterarter. Beitetrykk og valg av beitedyr kan være avgjørende for virkningen på planter og insekter."

I kap. 5.6 og utover kjem ein inn på sprøyting som metode. I kap. 5.7 finn ein mellom anna denne utsegna: "Jordas innhold av organisk materiale og leirmineraler er viktig for binding av glyfosat. Nedbryting fremmes også av mikrobiell aktivitet og høye temperaturer."

I alle fall ein del av sandlandskapa der rynkerose er eit problem vil nok vere særprega av at jorda har lite innhald av organisk materiale og leirmineralar. Altså område som i mindre grad enn elles bind nedbrytingsstoffa av sprøytemiddel. Elles er det jo ofte i vassnære områda ein vil ha vekk rynkerosa. Vassmiljø vil ofte kunne ta mykje skade av dei aktuelle sprøytemidla. Denne sida av saka er lite og svært mangelfullt omtala i handlingsplanen, og Naturvernforbundet etterlyser konkretisering av alternative metodar på slike lokalitetar.

I innleiinga til kap. 6 finn vi denne utsegna:

"I starten av handlingsplanperioden er kartlegging av rynkerose og en informasjonskampanje for å hindre ytterligere utsetting og spredning to viktige tiltak. Langsiktige tiltak er kunnskapsoppbygging, bekjemping og overvåking."

Skal ein lukkast her kan ein først som sist innleie eit nært samarbeid med hageorganisasjonane og dei som sel planter.

### Kap. 6.1

"Kjemiske metoder kan komme i betrakting der andre metoder ikke er realistiske."

Sjølv om det kan bli dyrt å kvitte seg med rynkerose utan kjemiske middel, kan det bli langt dyrare å kvitte seg med restar av kjemiske middel som viser seg å vere farlege å ha i naturen. På dette punktet er handlingsplanen svak. Vår lettvinde måtte å omgås framande artar på fører til store problem på sikt. Vår lettvinde måtte å seie at tiltak ikkje skal koste noko, fører til ytterlegare og endå vanskelegare problem på sikt. Handlingsplanen må gjere synleg reelle økonomiske kostnader som ein må pårekne om tilfredsstillande nedkjemping skal lukkast.

Det er behov for å fjerne rynkerose fordi denne er skadeleg å ha i miljøet. Då er det om å gjere å velje metodar som i seg sjølv ikkje fører til eller har potensial for å føre til endå større skade for miljøet. Kampen i dag er mot ein art som formeirar seg frå rotdelar og frå frø. Sjølv om dette er meir ein brysamt, så er det framleis eit avgrensa problem, knytt til overflatemassar og areal som vanlegvis kan summerast opp utan kalkulator.

Det er ein av metodane vi er særleg skeptiske i så måte. Bruken av glyfosat er svært utbreidd. Giftstoffet er også såpass viktig for jordbrukskulturen at det vil få enorme konsekvensar for heile verda viss det blir forbode å bruke. Difor kan ein også tru at det i store delar av forskingsmiljøa finst liten vilje til å finne komponentar og verknader som kan umuliggjøre bruken av denne gifta. Det same gjeld forskjellige myndigheter. Sprøytemiddelet er allereie no omstridd som følgje av funn av reststoff i naturen, mellom anna i grunnvassførekommstar.

Eventuelle reststoff av glyfosat vil ikkje berre vere i overflatemassane, men spreie seg til alle lausmassar og grunnvatn. Finn ein ut at slike stoff er skadelege, vil ein aldri kunne fange dei inn igjen. Ut frå ein føre-var tankegang, naturmangfaldlova §9, er det difor viktig at ein i det minste held unna ein god del areal som er fri for bruk av glyfosat. Utanom fjellstroka er det truleg berre i verneområde ein har ein viss slik kontroll. Difor er det heilt vesentleg at ein har ei heilt anna haldning til glyfosat som verkemiddel i kampen mot rynkerose enn det som kjem fram i handlingsplanen.

Naturvernforbundet skal ikkje påstå at det i det heile ikkje finst situasjonar der glyfosat utan alternativ klart representerer det minste ondet i kampen mot rynkerosa. Men det er heilt vesentleg at det etablerast tersklar og ordningar slik at dei aller fleste verneområda framleis er verna mot glyfosat (og andre sprøytemiddel). Det er rett og slett nødvendig at ein stor del av verneområda blir avsett til å vere varig fri for direkteverknad av sprøytemiddel.

Ein skal elles vere merksam på at ein del av dei aktuelle verneområda kan vere aktuelle for beiting eller slått. Denne typen landbruksdrift i slike område er nok til ein viss grad avhengig av idealisme i tillegg til gode tilskotsordningar. Ein skal vere klar over at idealistar ofte også vil drive økologisk landbruk. Då kan ein ikkje basere seg på bruk av glyfosat som ein del av metoden mot rynkerose.

Ein skal heller ikkje undervurdere frø si spireevne. Om ein klarer å utrydde levande buskar vil ein likevel måtte følgje desse områda i årevis og fleire gonger for sesongen for å kunne ta frøplanter på eit tidleg tidspunkt. Naturvernforbundet vil derfor peike på at her er det trøng for å ha folk på plassen ofte, gjerne kombinert med at dei gjer andre gjeremål som tilsyn med dyr og avfallsoppfølging, og at dette bør understrekast i handlingsplanen.

### Konklusjon

Naturvernforbundet rår til tiltak som bygger på tett oppfølging over lang tid, gjerne kombinert med andre oppgåver knytt til områda som den grunnleggande strategien i arbeidet for å bli kvitt/redusert rynkerosa. Det må etablerast ein tydeleg terskel for bruk av kjemiske sprøytemiddel i og inntil samt oppstrøms verna område, slik at dette ikkje er mogleg som ei rask og enkel løysing når budsjetta ser ut til å bli dårlige eller tida blir knapp.

Mvh

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Øystein Folden

Øystein Folden  
Leiar

Naturvernforbundet

Arnodd Håpnes

Fagleder naturmangfold